



Alle høyringsinstansar

Dato: 17.06.2021

Vår ref: 21/01622-15 aa333

Dykkar ref:

## **HØYRING OM NY KYRKJELEG ORGANISERING: MÜLLER-NILSEN-UTVALET SI UTGREIING «SAMHANDLING I EN SELVSTENDIG FOLKEKIRKE - NY KIRKELIG ORGANISERING»**

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobber lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing om korleis dette kan sjå ut med ei organisering på prostinivå. Ei organisering på dette nivået er ikkje blitt handsama tidlegare, og difor bad Kyrkjerådet om ei utgreiing av dette nivået.

Organisering på prostinivå er no utgreidd. Det som her skal høyrast, er om dette er modellar som kan nyttast for å teikne ut ei ny kyrkjeleg organisering av Den norske kyrkja. Kyrkjerådet sender difor rapporten på høyring for å få tilbakemelding på dei ulike forslaga og modellane som Müller-Nilssen-utvalet gjer greie for. I det vedlagte høyringsnotatet blir hovedefineringane i utvalet sin rapport presentert, med tilhøyrande høyrings spørsmål.

**Høyringsfristen er 1. desember 2021.**

Müller-Nilssen-utvalet sin rapport, ein informasjonsfilm og presentasjonsmateriell finst tilgjengeleg på [kirken.no/kirkeligorganisering](http://kirken.no/kirkeligorganisering).

### **Bakgrunn**

Den nye trussamfunnslova trådte i kraft 1. januar 2021. Før dette ga kyrkelova detaljert regelverk for organisering av kyrkja. No har Stortinga gjennom trussamfunnslova overte til Kyrkjemøtet å avgjere kyrkja si organisering. Innanfor visse rettslege rammer er det opp til kyrkja sjølv å avgjere korleis trussamfunnet skal vere organisert. Trussamfunnslova viderefører ordninga med at trussamfunnet Den norske kyrkja har to typer rettssubjekt, soknet og rettssubjektet Den norske kyrkja. Denne strukturen har følgjer for arbeidsgjevarorganiseringa. Det at det er to finansieringskjelder for kyrkja har også stor vekt for handlingsrommet for kyrkjeleg organisering. Kyrkja er avhengig av å finne ei organisering som sikrer godt samarbeid med kommunane fordi kommunane finansierer verksemda i den lokale kyrkja. Samstundes skal kyrkja vere ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar, og små einingar kan skape utfordringar med å ha kompetanse og kapasitet til dette. Med desse rammevilkåra vart det naturleg for Kyrkjerådet å be om ei utgreiing av ei felles organisering av arbeidsgjevaroppgåvene på prostinivå, som er nært nok og samstundes stort nok til å vere ei velegna arbeidsgjevareining.

Kyrkjerådet vedtok i sak KR 59/19 å setje ned eit hovudutval og fire arbeidsgrupper for å arbeide med særskilte tema. Hovudutvalet for kyrkjeleg organisering (Müller-Nilssen-utvalet) skulle se på heilskapen i ei ny organisering, og utvalet leverte sin rapport ved utgangen av mars 2021.

## Om høyringa

Utvalet har levert ein omfattande rapport som rører ved mange sentrale spørsmål for ei ny organisering. På enkelte område har utvalte sine medlemmar ulike oppfatningar av kva løysingar som er best eigna for å nå dei måla som er sette for arbeidet. For å få gode høyringssvar har Kyrkjerådet utarbeidd eit høyringsnotat som inneheld kortfatta informasjon om bakgrunnen for rapporten, sentrale team for høyringa og ulike høyringss spørsmål.

Høyringss spørsmåla i høyringsnotatet skal svarast på i eit elektronisk skjema. Ein person fyller ut skjemaet på vegne av høyringsinstansen og følgjande lenkje skal nyttast:  
<https://surveys.analyzer.com?pid=dimb3n6f>

Kyrkjerådet er opptekne av å få fram ulike synspunkt og vurderingar. Høyringa er ikkje ei «avstemming» for ulike modellar. Det er difor lagt til rette for utstrakt høve til å grunngje svar og gje supplerande kommentarar. Ei viktig hensikt med å tinge rapporten, har vore å få forslag til korleis ein kan oppnå at dei som arbeider lokalt kan forhalde seg til same arbeidsgjevar og at kyrkja blir meir attraktiv som arbeidsplass. Vi ber difor om at høyringsinstansane har eit særleg fokus på dette når ein svarar på høyringa.

I tillegg til høyringsnotatet som ligg ved er det utarbeidd ein presentasjon som kan nyttast for å innleie til diskusjon om utvalet sin rapport. Det er også laga ein informasjonsfilm som kan nyttast til førebuing og i møter der saken skal opp til diskusjon. Dette materiellet finst på [kirken.no/kirkeligorganisering](http://kirken.no/kirkeligorganisering).

## Om den vidare prosessen

Når høyringsfristen går ut vil innspela bli samanstilte og Når høringsfristen er utløpt vil høringsinnspill bli sammenstilt og lagt fram for Kyrkjerådet som skal førebu saka for Kyrkjemøtet. I kyrkjerådssak 37/19 og 59/19 har Kyrkjerådet lagt ein plan om at Kyrkjemøtet skal vedta ny kyrkjeleg organisering i to «omganger». Først eit prinsippvedtak om kyrkjeleg organisering på Kyrkjemøtet i september 2022, før ei ny kyrkjeordning kan skrivast ut og så vedtas på Kyrkjemøtet i 2023.

Müller-Nilssen-utvalet peiker på flere tema som bør greiast ut vidare. Samstundes meiner utvalet sjølv at det no er nok kunnskap til å kunne gjere eit prinsippvedtak. Ei første handsaming i Kyrkjemøtet vil også peike på fleire omsyn som må takast hand om og greiast ut vidare. I utvalsrapporten kapittel 13 gjer utvalet greie for fleire område der det trengst vidare utgreiing. Kyrkjerådet har vedteke å sette i gang utgreiingar innanfor følgjande tema med frist 31.12.2021:

- 1) Gjennomgang av dagens prostistruktur med forslag til prosess for å fastsette ny struktur
- 2) Oppgåve- og ansvarsfordeling mellom sokneråd og prostifellesråd i ny kyrkjeleg organisering, oppsummere og ytterlegare detaljere utvalet sitt forslag.
- 3) Biskopen si leiarrøle og tilsyn. Denne skal byggje vidare på utgreiingsarbeidet frå prosjektet kyrkjeleg organisering og avklare dei gjenståande elementene som Müller-Nilssen-utvalet har bede om at skal bli konkretisert nærmare.
- 4) Organisering og leiing på arbeidsplassen lokalt i ny kyrkjeleg organisering.
- 5) Bispedømmerådet si røle og ansvar viss arbeidsgjevaransvaret vert flytta til prostifellesrådet.

Ei utgreiing av folkevaldrolla i Den norske kyrkja er allereie i gang og har frist i slutten av januar 2022. Desse utgreiingane vil saman med rapporten «Samhandling i en selvstendig folkekirke» og høyrings svar i denne saka vere eit viktig grunnlag for vidare handsaming i Kyrkerådet og Kyrkjemøtet. Kyrkerådet vil vurdere ytterlegare utgreiingar løpande.

## Om høyringsinstansene

Denne høyringa er retta til sokneråd, kyrkjelege fellelråd, KA, arbeidstakarorganisasjonar på KA-området, utdannings- og forskningsinstitusjonar mfl. Det er Kyrkjemøtet som med heimel i trussamfunnslova har avgjerds makt til å vedta kyrkja si organisering, og dei som det gjeld bør høyrast i saka. Kyrkerådet meiner difor at dei fleste spørsmål og problemstillingar som utgreiinga reiser, først og fremst bør leggast fram for dei kyrkjelege verksemdene som saka gjeld.

Utvalet sin rapport inneheld imidlertid enkelte sentrale spørsmål som vedkjem relasjonen til aktørar utanfor det kyrkjelege området, og i særleg grad kommunene. Kyrkerådet vil difor sende desse eksterne aktørane eit eige høyringsbrev. Her vil dei bli inviterte til særleg å svare på utvalde spørsmål om gjeld relasjonen mellom desse verksemdene og kyrkja. Det vil til dømes gjelde kommunar, KSUvalgets rapport inneheld imidlertid enkelte sentrale spørsmål som berører relasjonen til aktørar utanfor det kirkelige området, og i særleg grad kommunene. Kirkerådet vil derfor sende disse eksterne aktørane et eget høyringsbrev. Her vil de inviteres til særleg å svare på utvalget spørsmål som vedrører relasjonen mellom disse virksomhetene og kirken. Det vil for eksempel gjelde kommuner, KS, departement og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Dette vil ikkje vere til hinder for at desse organisasjonane også kan komme med synspunkt på øvrige delar av utgreiinga.

Det er Kyrkjemøtet som vedtek kyrkja si organisering. Sidan medlemmane av bispedømeråda også er medlemmar av Kyrkjemøtet, er det ikkje gjeve at bispedømeråd og biskopar skal gje høyringsfråsegn på line med andre kyrkjelege verksemdar. Samstundes gjeld saken både biskop og bispedøme. Kyrkerådet har bestemt at både bispedømeråd og biskopar skal vere høyringsinstansar, men meiner denne rollekombinasjonen gjer at det er viktig å skilje mellom rollene i dei ulike fasane av prosessen, samstundes som viktige argument kjem fram og at prosessen blir mest mogeleg transparent.

Alle kan gje høyringsfråsegn. Høyringsfråsegn er offentlege etter offentleglova og vil bli publisert på kirken.no.

## Avslutning

Den norske kyrkja må rigge seg for framtida. Vi veit enno ikkje korleis samfunnet vil framstå «post-korona». Men det vi veit, er at både samfunnet og behova til kyrkja sine medlemmar er i endring og at det blir sentralt for kyrkja å videreføre si rolle som folkekyrkje som er aktivt tilstades i folk sine liv. Vi vonar at de gjennom denne høyringsprosessen vil få høve til å løfte blikket og sjå kyrkja, ikkje berre frå innsida men også litt frå utsida, både som trussamfunn og som ein sentral samfunnsaktør.

Det vil alltid vere risiko med endring. Kanskje vil nokon misse arbeidsoppgåver eller måtte løyse nye, kanskje vil nokon få ein ny leiar og kanskje vil arbeidsgjevarorganet måtte arbeide annleis enn tidlegare og ha andre relasjonar. Samstundes kan det også vere ein risiko ved å ikkje gjere endringa. Dette handlar mellom anna om forventningar om god leiing og effektiv bruk av ressursane i heile kyrkja. Heilt sidan 2005 har Kyrkjemøtet hatt eit ynskje om å få til ei felles arbeidsgjevarorganisering for dei som arbeider lokalt i kyrkja. Det er på tide at Kyrkjemøtet tek eit val om kyrkja si organisering. Å halde på dagens organisering er ein moglegheit, men då oppfyller ein ikkje Kyrkjemøtet sitt ynskje om felles arbeidsgjevarorganisering for dei som arbeider lokalt.

Ei organisering på prostnivå er ikke avjort, men gjennom utvalet sin rapport har Kyrkjerådet fått eit godt grunnlag for korleis dette kan sjå ut. På enkelte punkt deler utvalet seg i sine tilrådingar. Dette er truleg eit uttrykk for at det finst ulike syn i kyrkja på kva som er hensiktsmessig organisering og kva mål modellane vert målte mot. Kyrkjerådet vonar difor at de som mottek denne høyringssaka legg til rette for god involvering og deler dykkar vurderingar av dei sentrale spørsmåla som denne saken reiser. Dersom de har spørsmål kan de [sende inn desse via skjemaet på denne sida](#).

Med helsing

Kristin Gunleiksrud Raaum  
leiar i Kyrkjerådet

Ingrid Vad Nilsen  
direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg:  
Høyringsnotat til kyrkjelege instansar

Mottakere:  
Alle høyringsinstansar